

Brannkrossetåtten

Omsett av Ivar Berg

Om *Brandkrossa þátt*

Tåtten finst berre i etterreformatoriske papirhandskrifter som alle går attende på same opphavstekst; denne teksten er ikkje lenger kjend. Tåtten er skriven som ei innleiing til *Soga om Droplaugs-sønene* og må difor vera yngre enn saga; truleg er han frå sist på 1200-talet. Teksten er skift i to bolkar: Kapittel 1 fortel om bakgrunnen hans Helge Asbjørnsson, medan kapittel 2–3 handlar om morsætta åt Droplaugs-sønene. Teksten er omsett frå utgåva i *Íslensk Fornrit XI*, s. 183–191.¹

Kapittel 1

Me byrjar saga om dei to Helgane² med Kjetil Trym, for me veit at han har vore den mest ættestore mannen av dei som det er fortalt om i denne saga. Frå han er Sidemennene komne, og likeins Krossvikingane og Droplaugs-sønene. Me vil òg fortelja korleis Helge Asbjørnsson er komen frå landnåmsmenn; han er den gjævaste mannen i denne saga, som kloke menn ser det.

Ein mann heitte Ramnkjell; han var son hans Ramn. Han kom ut til Island seint i landnåmstida og budde i Skridudal. Der somna han og drøymde at ein mann kom til han og bad han stå opp og dra bort med alt sitt med ein gong. Ramnkjell vakna og fór bort med det same. Og rett etterpå sprang heile fjellet ovanfor og tok ein galte og ein okse som Ramnkjell åtte; dei hadde vorte att. Han fór då til Ramnkjellsdal og sette mennene sine i heile dalen, nær tjue gardar, og sjølv budde han på Steinrødarstad. Han vart snart ein stor hovding, mektig og med mange menn. Sønene hans Ramnkjell heitte Asbjørn og Tore.

Då Ramnkjell døydde, delte sönene hans arven likt mellom seg. Tore fekk bustaden som faren hadde ått, og Asbjørn budde på den garden som var kalla Lokhille og no heiter Ramnkjellsstad, og han dreiv den garden godt.

¹ Denne omsetjinga har aldri vore utgjeven.

² Helge Droplaugsson og Helge Asbjørnsson i *Soga om Droplaugs-sønene*.

Asbjørn hadde ei kone som heitte Hallbera. Ho var dotter hans Rollaug, son hans Ragnvald Mørejarl. Dei hadde ein son som var kalla Helge. Helge vart vaksen, og var tilbakehaldande og still av seg. Folk snakka om korleis han voks til.

Asbjørn vart ikkje gammal. Då han døydde, tok Helge arven etter han og budde nokre vintrar på Lokhille. Seinare flytte han derifrå og selde garden åt Ramnkjell Toresson, syskenbarnet sitt. Så fór han utanlands og var mange vintrar i hærferd, både på Orknøyane og i Noreg, med frendane sine. Helge var òg fleire somrar i viking, og var ein modig mann, men ikkje utanom det vanlege i styrke eller våpenbruk. Etter det fór Helge til Island, og hadde fått både mykje gods og godt omdøme. Spak-Berse baud Helge til seg, og Helge fór med han heim til Bersastad.

Same halvåret gifte Helge seg med Oddlaug, syster hans Berse, og dei fekk snart eit godt samliv med stor kjærleik. Men Helge hadde ingen gard, og ingen var fus på å flytta frå jorda si for Helge.

Ein mann heitte Odd og var kalla Gneist. Han var rik på gods og vanskeleg å ha med å gjera. Han hadde valt seg bustad på andre sida av Lagarfljot frå Bersestad, og dreiv den garden godt. Odd var gift og hadde ein son som heitte Osviv. Det var sagt at huglyndet hans passa til det namnet.³ Han var kjøpmann og førde seg byrgt, ein stor idrettsmann, erten og skrytande.

Det var ein gong at dei tala saman, mågane Berse og Helge. Helge spurde Berse kvar han såg for seg ein bustad for han, eller kva råd han kunne gje. Og Berse gav gode råd i det som dei gjorde seinare.

Straks isen hadde lagt seg på vatnet, gjekk Helge til Oddsstad og gjorde seg til vens med Osviv, og straks etter byrja dei med leikar mellom Oddsstad og Bersestad.

Ein mann var kalla Otrygg og budde på Oddsstad. Han gjekk hardt på Osviv i leikane og skrytte av det etterpå, og sa at Osviv var meir skrytande enn brysam. Sidan drap Odd Otrygg. Helge Asbjørnsson tok på seg drapssaka. Fleire prøvde å få til semje, men det vart ikkje anna løysing enn at Berse avgjorde saka åleine. Forliket deira vart slik at Berse gav ei lita pengebot, og dømde Odd bort frå bustaden sin og ut or heradet. Odd likte løysinga svært dårleg, men likevel vart det slik, for mange unte han ulukka.

Helge Asbjørnsson kjøpte sidan Oddsstad sjølv, jamvel om det var til stor misnøye for Odd. Likevel vart det slik at Odd måtte fara bort, og sidan er det ikkje fortalt om han i denne saga, men han har vore kalla ein stor mann.

Helge sette bu på Oddsstad, og var meint på å føra godset sitt dit den fyrste fardagen. Då Odd budde seg på å fara bort, lét han slakta og koka ein okse. Og den fyrste fardagen, då Odd skulle fara bort, lét han setja fram bord med benker langsetter, og alt oksekjøtet vart bore på bordet. Odd gjekk bort til bordet og sa:

³ Osviv er òg eit adjektiv som tyder 'uvertyden, djerv'.

«Her er eit bord dekt så omhugsamt som var det for dei kjæraste venene våre. All denne veitsla gjev eg Frøy for at han ikkje vil lata den som kjem i min stad, fara bort frå Oddsstad med mindre sorg enn eg fer med no.» Etter det fór Odd bort med alt sitt.

Kapittel 2

Denne historia fortel somme om ein del av ætta åt Droplaugssønene som er mindre kjend. Og om somme menn tykkjer ho er tvilsam, er det likevel artig å høyra henne.

Ein mann heitte Grim og budde i Indre Vik i Våpnafjorden. Han var ein ung mann, gift, og rik på gods. Han ol opp ein okse som var brannut og med ein kvit kross i panna, og eit framifrå dyr i skapnad og vekst. Denne oxen likte Grim betre enn alt anna som han åtte av dyr. Oxen gjekk på innmarka om somrane, og drakk mjølk både vinter og sommar.

Det hende den sommaren då oxen var ti vintrar gammal og høyet stod kring husa i store såter, at oxen sprang rundt og reiv ned høysåtene. Då ville nokre menn ta han, men greidde det ikkje, og det gjorde ingen skilnad jamvel om ei stor folkemengd kom til. Han sprang i veg og fortsette heilt ut i Ytre Krossavik, og sprang på sjøen der. Han viste i havet så langt dei kunne sjå.

Grim tykte det var fælt med skaden han hadde lidd då han miste oxen. Han hadde ein bror i Øksarfjorden som heitte Torstein. Han var ein god bonde, ein klok mann og vennesæl. Brørne var svært glade i kvarandre. No vart det sendt bod til Torstein om at han skulle koma og møta Grim, bror sin, i Vik. Og då brørne møttest, sa Torstein åt han at han ikkje skulle vera så lei for skaden sin, og at mykje enno var svært så bra: Han hadde nøgda gods, og det var ikkje uventande om han ol opp ein annan okse som ikkje var dårlegare; han sa òg at det var stor ære at bae vikane no ville ha namn etter oxen hans. Men det var mest som det Torstein sa gjekk inn av det eine øyra og ut det andre for Grim.

Torstein var der heile vinteren til trøyst for bror sin, men likevel mistreivst Grim mykje. Han sov dårleg og åt lite. Og då det leid til vårs, høyrde han etter om Grim kunne tenkja seg å fara utanlands; han sa det demde opp sorga hjå folk og døyvde tanken på dei suter som står i vegen for manns glede og gaman. Grim sa at han ville fara om Torstein fór med han, og han sa at det ville han gjerne, om Grim vart lettare til sinns enn før av det.

Dei sette folk til å styra med gardane sine, og bae brørne sette ut frå Unaoset. Dei hadde ikkje mykje gods, men då var det vanleg å ha med seg saueskinnsfellar som handelsvare, og det hadde dei. Dei fekk ei god reise, og skipet brørne var på, kom inn til Trøndelag. Dei sette opp telt på land, og sidan dreiv folka frå skipet kvar til sin heimstad, og brørne sat att i teltet sitt.

Tidleg ein morgon kom ein mann til teltet åt brørne. Mannen var stor og kraftig. Dei spurde mannen etter namnet hans. Han sa han heitte Kårhovde. Så spurde dei han kvar han skulle og kvar han var frå. Han sa at han budde hjå ein bonde som heitte Geite, og at han skulle skaffa han tjuefire saueskinnsfellar; han sa at Geite var rik og ein påliteleg skuldmann. Dei selde han fellane han ville ha, og avtalde betaling i mjøl. Han kasta fellane på aksla si og gjekk så bort.

Etterpå kom ein mann som heitte Tore til dei frå inne i Trøndelag, og baud dei på gjesting. Han var ein rik bonde. Dei takka ja til det og fór til Tore, og fekk god mottaking der. Dei spurde stadig Tore etter Geite, men han lét ikkje til å vita nokon ting om han.

Dei hadde ikkje vore lenge på gjesting før dei fekk lyst til å fara bort; dei ville leita etter Geite. Tore rådde dei frå det, men det hjelpte lite. Dei fór opp dalane og spurde støtt etter Geite, men ingen kunne seia noko om han. Så kom dei omsider til ein kar i ein avdal og spurde han om Geite, men han sa at han ikkje kjende han. Då spurde Torstein om han visste av nokre stader med namn etter Geite. Han fortalde dei då om ein stad som heitte Geithamrane, og vegen dit.

Så fór dei dit dagen etter. Der kom dei til ein holeopning. Det brann ein eld i helleren, og ved elden sat ein mann. Dei kjende att Kårhovde, kameraten sin. Han sprang straks opp og tok vél imot dei. Dei sette seg ned ved elden og såg seg omkring. Der tykte dei sjå Brannkrosse, oksen hans Grim, stå uskadd på andre sida under berget. Kårhovde tok kleda deira og hengde dei unna, og då han kom att baud han dei gå inn i stova. Då dei kom der, sat det folk på bae benkene, og dei kjende att fellane sine på dei.

Ein mann sat i høgsetet i ei raud kappe, stor og staseleg. Den mannen helsa fyrst, og baud dei vera der så lenge dei ville, og setja seg attmed han. Der var god mat og god drykk. To kvinner sat innanfor Geite, bae vakre, og ho sat nærast han som var eldst; ho var kona hans, og den yngre dottera. Dei var stutt tid der før Grim vart sorgfull.

Det fann Geite fort ut, og tala med Grim ein dag: «Eg har gjort noko gale mot deg, Grim,» sa han. «Eg sende Kårhovde, trælen min, etter oksen din, Brannkrosse, som var beste dyret på heile Island. Og då du tykte sjå han fyrste kvelden, oksen din, var det belgen hans full av mjøl, og det skal du få for oksen. Det har òg syntest meg som om du har eit godt auga til Droplaug, dotter mi, og eg vil gifta henne med deg viss du vil ta henne med deg til Island, saman med mange eigneluter som ho skal få i medgift. Ho er av god ætt på morssida, og heller ikkje av dårleg på farssida. Mor mi var ei dugande kvinne og eg hadde ein endå gjævare far.»

Grim likte det som var sagt, og så vart det giftarmål mellom Grim og Droplaug. Det var det gjævaste gjestebod, og dei tre låg i same seng heile vinteren, Grim, Droplaug og Torstein, i ein annan heller, og det vart god kjærleik mellom Grim og Droplaug. Han var godt nøgd med livet sitt.

Då det vårast, spurde Geite Grim kva han ville gjera, og han sa at han ville til Island for alt i livet. Geite bad då brørne kjøpa seg skip og gjera det klart, og han sa at dei ikkje skulle mangla gods, for Kårhovde ville føra til skipet alt dei åtte i eigneluter og handelsvarer.

Kapittel 3

Brørne gjorde som Geite hadde rådd dei til, og budde seg til å fara bort. Mågane tala vél saman før dei skildest. Geite bad Grim ta vare på båe ektefellane, og sa at då ville det gå godt.

Og då brørne var så godt som klare med skipet, kom Kårhovde ned frå land og hadde belgen etter Brannkrosse, full av mjøl, på ryggen, og gjekk ut på skipet og la han ned der dei ville at han skulle vera. Andre gongen kom han ned med fellverdet deira. Tredje gongen fór han ned med to kister; i den eine var kleda og eignelutene hennar Droplaug, og i den andre gull og sølv og andre dyre ting som var medgifta hennar Droplaug. Så la dei til havs og fekk ei god reise, og landa i Indre Krossavik. Der vart belgen hans Brannkrosse ført av skipet, og etter han har båe vikane namn.

Brørne selde sidan skipet og fór kvar til sin gard. Torstein gifte seg og tyktest vera ein gagnleg mann, og auka ætta si i Øksarfjorden. Grim budde i Krossavik og var godt nøgd med livet sitt medan han og Droplaug båe levde, og tyktest vera ein særst dugande mann; Droplaug var ei vakker og gjæv kvinne, driftig og modig, men tagal. Ho var storlåten og sta om noko gjekk henne imot, fåmælt, men drivande, trufast mot venene sine, men hardlyndt mot uvenene sine. Ho vart inga svært gammal kvinne, men døydde av sjukdom, og Grim sakna henne mykje. Han fekk stor sorg etter henne, og var lite glad. Dei hadde ei dotter som heitte Mardoll. Ho var ei vakker og staseleg jente og svært lik mor si, driftig og vennesæl og god mot venene sine straks ho var gammal nok til det. Ho stod for gardsdrifta for far sin etter at mor hennar døydde. Alt ho rådde for, vart vél gjort. Sidan vart ho gift aust til Gilså i Heradsdal, og var mor hans Grim Mardollsson, far hennar Droplaug, mor til Grim og Helge Droplaugssøner.